



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP
30 NOV 2000
001674-19 ✓
Ark. 519
Ans. UMI/SPS/EMO

T.E. EMO 30.11.00.

Dykkar ref.

Vår ref.
2000/3344 KU/KU2 MHK:dbl

Dato
28.11.2000

SAMISK TEIKNSETT OG IT- ARBEIDSGRUPPA SIN RAPPORT

Vi viser til møte i arbeidsgruppa for samisk teiknsett og IT 19. oktober 2000.

Kulturdepartementet blei på møtet beden om å gjere greie for om stadnamnlova heimlar ei plikt for offentlege organ til å ha og bruke samisk teiknsett. Vidare blei Kulturdepartementet beden om å gjere greie for status innanfor biblioteksektoren når det gjeld bruk av samisk teiknsett i samband med dei elektroniske registreringssystema som biblioteka nyttar.

I Stadnamnlova

Lov om stadnamn av 15. mai 1990 nr. 11 regulerer nærare korleis skrivemåten av stadnamn skal fastsetjast. Hovudprinsippet er at skrivemåten skal byggje på den nedervde lokale uttalen, med hovudvekt på den lokale uttalen som skal gjevast att etter rettskrivingsprinsippa for norsk og samisk. Lova tok til å gjelde 1. juli 1991, og det er ikkje gjort endringar sidan. Kulturdepartementet arbeider no med å evaluere lova og forskriftene.

"Stadnamna er språklege minne frå eldre og yngre tider om busetjing og arbeid på land og sjø. Dei er verneverdige på line med andre fornminne, og det er ei viktig oppgåve for staten å ta vare på dei som kulturminne. Det gjeld både norsk-, samisk- og kvenskspråklege stadnamn. Ved skriftfestinga må ein nytta skrivemåtar som forliker omsyn både til einskap og konsekvens i denne delen av offentleg språkbruk og til dei nedervde språklege særdraga i landsdelane eller språkområda. Fastsetjing av skrivemåten av stadnamn blir dermed ein del av rikets språkrøkt." Sitatet er frå NOU 1983:6 s. 50, og viser i korte trekk dei omsyna som ligg bak lova.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 59

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 866

Kulturavdelinga
Telefaks
22 24 80 38

Saksbehandlar
Marie Helene Korsvoll
22 24 80 59

Når det gjeld bruk av stadnamn, er dette regulert i § 3 i lova og forskrift av 5. juli 1991 nr. 456 kapittel III. § 3 første ledd første punktum slår fast at "Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege." Dette inneber at det berre er organ med tilknytning til stat eller kommune som har plikt til å bruke den fastsette skrivemåten av eit stadnamn i si verksemd. Private rettssubjekt treng ikkje å nytte den offentleg fastsette skrivemåten av eit stadnamn med mindre det har offentlege forvaltningsoppgåver. Offentleg organ plikter å bruke skrivemåten av eit stadnamn etter reglane i §6 flg. og som er ført inn i stadnamnregisteret. I andre tilfelle skal dei namneformene som var i bruk av det offentlege når lova tok til å gjelde, brukast.

For bruken av samiske og finske stadnamn har lova nærare reglar i § 3 andre ledd. Det heiter her at "Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform."

Som ei oppsummering kan ein seie at offentlege organ plikter å nytte samiske stadnamn som er fastsett etter lova og står oppført i stadnamnregisteret. Ved fastsettinga av namnet skal ein bruke gjeldande rettskrivingsprinsipp for samisk, jf. § 4, noko som vil kunne innebere bruk av samiske teikn. Utgangspunktet blir difor at offentlege organ må nytte den samiske skrivemåten med samiske teikn i si verksemd. Plikta gjeld berre der det offentlege organet nyttar stadnamnet som namn på ein stad, t. d ved oppføring av adresser o.l. Der eit stadnamn inngår som ein del av eit namn på eit føretak eller liknande, vil stadnamnlova ikkje regulere skrivemåten av dette føretaksnamnet. Tilsvarende gjeld for firmanamn. Dette går m.a. fram av Ot. prp. nr. 66 (1988-89) side 7 der det heiter at "Utvalet har vurdert om det skal gjerast unntak for einskilde namnegrupper, og slår fast at slekts- og firmanamn prinsipielt og juridisk står i ei anna stilling."

Det har vore enkelte saker som gjeld registrering i offentlege register av foretak med samiske namn. Det følgjer av det som er sagt ovanfor at stadnamnlova ikkje heimlar ei plikt for registeret til å registrere føretaksnamnet med samiske teikn sjølv om eit stadnamn inngår i føretaksnamnet. Registeret pliktar likevel å registrere t. d adresse til føretaket med den fastsette skrivemåten av stadnamnet. I slike tilfelle plikter altså registeret å nytte samiske teikn dersom desse inngår i stadnamnet. Dermed vil registra måtte ha samiske fontar, noko som gjer dei i stand til også å skrive føretaksnamnet med samiske teikn sjølv om dei ikkje har plikt til det etter stadnamnlova.

Bruk av samisk teiknsett i biblioteksektoren


I samband med samisk bibliografi har Nasjonalbiblioteket, avdeling Rana eit registreringssystem som handterer samiske teikn (biblioteksystemet MicroMarc med tilleggsprogrammet "samtast"). Dei samiske teikna blir likevel ikkje presenterte for publikum t.d. på internett. For at data skal bli tilgjengelege for publikum, blir dei eksporterte via Trip-basen ved Nasjonalbiblioteket. Det er Trip-basen som danner grunnlaget for presentasjon av Samisk bibliografi på internett. Det er eit problem i dag at verken i Trip-basen, på internett eller på CD-rom blir samiske teikn korrekt presenterte. Dette kan gje eit feilaktig inntrykk av at basen ikkje nyttar samiske teikn. I trykte utgåver er alle teikn korrekte.

Nasjonalbiblioteket, avdeling Rana, registrerer også samiske dokument i BIBSYS. I sjølve registreringssystemet til BIBSYS blir samiske teikn registrerte korrekt, men etter BIBSYS sine egne standardar for å registrere spesialteikn. I dag er status at teikn ikkje blir korrekt presenterte, verken ved søk i basen eller ved søk på internett. BIBSYS lanserte tidleg i 2000 ei løysing som baserer seg på samiskløysinga LEVI frå Sametinget. Dersom ein installerer LEVI, kan ein registrere samiske teikn korrekt, søkje på samiske teikn og få fram samiske teikn ved søk. Brukarar som ikkje har installert LEVI, vil få samiske teikn presentert som blanke teikn. Nyare versjonar av MicroMarc, som er windowsbaserte, støtter ikkje LEVI. Denne løysinga er dermed mellombels.

Nasjonalbiblioteket har som intensjon at Samisk bibliografi skal gå over frå MikroMarc til BIBSYS dersom BIBSYS kan tilby akseptable løysingar m.a. når det gjeld samiske teikn. Liknande løysingar bør vurderast av andre biblioteksinstitusjonar, deriblant Samisk spesialbibliotek.

Kulturdepartementet vil medvirke til at det blir kjend at Windows 2000 har implementert standarden UNICODE i sitt operativsystem. Med det kan samiske teikn handsamast på ein enklare måte (Windows 2000, NT). At Microsoft har forplikta seg til å støtte samisk teikn er ei opplysning som bør formidlast til biblioteksinstitusjonane og samanslutningane. Kulturdepartementet vil oppmode desse institusjonane og samanslutningane om å arbeide for at samisk teiknsett må inngå som standard frå dei ulike leverandørane av elektroniske biblioteksystem.

Med helsing


Alf Modvar e.f.
avdelingsdirektør


Marie Helene Korsvoll
førstekonsulent